

# Høyring av verneplan for skog

## Utviding av Heddedalane naturreservat, Tokke kommune



*Verneforslaget startar frå kraftstasjon og strekkjer seg mot høgre fram mot Heddedalane naturreservat. Foto: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark*

**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark**  
**Oktober 2024**

<b>Innhald</b>	<b>side</b>
<b>1. Bakgrunn.....</b>	<b>3</b>
<b>2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern.....</b>	<b>3</b>
<b>3. Heimelsgrunnlag.....</b>	<b>3</b>
<b>4. Saksgang og innkomne merknader.....</b>	<b>4</b>
<b>5. Verneplanens omfang.....</b>	<b>7</b>
<b>6. Faktaark.....</b>	<b>8</b>
<b>7. Forslag til verneforskrift.....</b>	<b>14</b>

**Vernekart er lagt ved høringa som eige vedlegg.**

## 1. Bakgrunn

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sender med dette på høyring forslag til utviding av Heddedalane naturreservat i Tokke kommune. Tilbodsområdet ligg på vestsida av eksisterande reservat, vest for Lårdal og på nordsida av Bandak.

Bakgrunnen for forslaget er tilbud frå 4 private grunneigarar om frivillig vern av skog. Tilbodet kom 10. juni 2021 frå skogeigarforeininga NORSKOG. Området vart kartlagt i 2009 og har kvalitetar som kvalifiserer for vern etter naturmangfoldloven.

## 2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern

Meld. St. 14 (2015 – 2016) *Natur for livet* legg opp til ei vidareføring av det langsiktige arbeidet med skogvern, under dette auka frivillig skogvern. Under handsaminga av meldinga bad Stortinget regjeringa setja mål om vern av både offentleg eid skog og frivillig vern av privateigd skog til 10 % av skogarealet i landet.

Naturfaglege evalueringar som ligg til grunn for prioriteringane i skogvernarbeidet er «Evaluering av skogvernet i Norge», NINA rapport 54/2002, «*Naturfaglig evaluering av norske verneområder*», NINA rapport 535/2010 og «*Evaluering av norsk skogvern i 2016*», NINA rapport 1352/2017. Dette arbeidet er samtidig eit viktig bidrag til å nå [FNs bærekraftsmål 15](#) som har som mål å verna, gjenopprette og fremja berekraftig bruk av økosystem, sikra berekraftig skogforvaltning, nedkjempa ørkenspreiing, stansa og reversera landforringing og dessutan stansa tap av artsmangfald.

Ved frivillig skogvern gir grunneigarane Statsforvaltaren tilbud om vern av aktuelle område. Det blir gjort naturfaglege registreringar og utarbeidd skogtakstar for dei områda der det er behov for det. På grunnlag av tilbud og dei naturfaglege registreringane utarbeider Statsforvaltaren forslag til avgrensing av verneområdet. På grunnlag av tilbud og mal for verneforskrift for naturreservat utarbeider Statsforvaltaren forslag til verneforskrift som blir oversend grunneigarane for kommentarar. Miljødirektoratet oppnemner ein skogsakkyndig som får i mandat å forhandla med grunneigarane eller representanten til grunneigarane. Ved semje blir det utarbeidd avtale der erstatningssum, forslag til verneforskrift og avgrensing av verneområdet blir avklart.

Det vanlege er at når staten og grunneigar er samde om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfaldslova. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneforslag likevel blir gjennomført før avtale er signert. Frå avtaletidspunkt og fram til vernevedtak gjeld ei vederlagsordning. Utbetaling av erstatningsbeløp skjer når vernevedtak er fatta.

## 3. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av mangfaldet til naturen (naturmangfaldslova) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfaldslova er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldslova, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om skiping av naturreservat blir gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfaldslova, som lyder slik:

” *Som naturreservat kan vernes områder som*

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

*Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.*

*I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.*

*Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”*

#### **4. Saksgang og innkomne merknader**

Formell start på verneplanarbeidet vart meld 19. mai 2023, og frist for innspel var 5. juli 2023. Det vart meld oppstart for 17 område samstundes og det kom inn totalt 11 merknader. Namnet på området var då *Eidsborgkleivane-Gjuvstøyllia* medan området no blir omtalt som *utviding av Heddedalane naturreservat*. Området Eidsborgkleivane blir handsama særskild. Det er sju uttaler som er knytt til utvidinga av Heddedalane naturreservat (Eidsborgkleivane-Gjuvstøyllia):

**Språkrådet** (brev dagsett 1.6.2023) uttaler følgjande:

*“Vi har ingen merknader til namnet Eidsborgkleivane. For det andre namnet må forleddet skrivast Juvstøyl- i samsvar med tilrådd skrivemåte i SSR for seternamnet som utgjer forleddet. For etterleddet er det forma -lii som er tilrådd for tilsvarande namn i Tokke, sjølv om -lie òg er nytta. Vi tilrår generelt å nytte «og» i staden for bindestrek i samansette naturreservatnamn. Vår tilråding for dette namnet blir difor Eidsborgkleivane og Juvstøyllii”.*

**BaneNor** (brev dagsett 14.6.2023) uttaler følgjande: «Vi viser til varsel om oppstart av verneplanprosess, datert 19.05.2023. Ingen av verneområdene berører jernbanens interesser og vi har derfor ingen merknader».

**Forsvarsbygg** (brev dagsett 23.06.2023) uttaler følgjande:

*«Vi ser foreløpig ingen konflikter med det foreslåtte verneområdet. Vi ber likevel om at de tek naudsynte unntak for militær operativ verksemd inn i forskrift til verneplanen. Vi ber òg om at det særskilte unntaket for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy vert tatt med i forskrift, for å ivareta omsynet til militær luftoperativ verksemd. Vi har ingen ytterlegare merknader til verneframlegget».*

**Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)** (brev dagsett 30.06.2023) nemner si rolle og dei nasjonale mål for mineralforvaltninga. For området som vert foreslegne som naturreservat, uttalar DMF:

*“Branås, Eidsborgkleivane – Gjuvstøyllia, Heggeneset, Jønjlilo, Mørkvassjuvet, Omnflug, Skriufjellet, Skuleholmfjellet, Stormyråsen, Storås, Tjuvberget, Øverland og Ånås DMF kan*



ikkje sjå at det føreslegne vernet kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergreittar eller masseuttak i drift innafør desse områda. Her har vi derfor ingen merknader”.

**Naturvernforbundet i Øst-Telemark** (e-post med vedlegg dagsett 05.07.2023) uttalar følgjande:

“Vi er positive til at flere verdifulle skogområder i Notodden og Tinn vernes. Det er spesielt gledelig at det kommer inn gode tilbud fra skogeiere rundt Follsjå, et område vi har hatt fokus på, og der det har vært god dialog med skogeierne. Samtidig er vi opptatt av at det er de viktigste områdene som må prioriteres først, spesielt nå i en situasjon der det er begrenset med midler og lang kø av vernekandidater. Vi er også opptatt at grensene for verneområdene trekkes slik at de fanger opp verneverdiene på en helhetlig og god måte. Det er særlig områder i lavlandet og andre typer som har lav dekning av vern som vi ønsker å ha et spesielt fokus på”.

Naturvernforbundet har spesifikke kommentarar til nokre områder, men utviding av Heddedalane naturreservat er ikkje bland desse.

**Norges vassdrags- og energidirektorat NVE** (brev dagsett 05.07.2023): Det er gjort eit utdrag av den delen av uttala som omfattar Eidsborgkleivane-Gjuvstøyllia.

“NVE har sett gjennom meldingen for de foreslåtte verneområdene med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m. Vi vil bemerke at det er viktig at denne type saker underlegges grundige saksbehandlingsprosesser og at alle involverte interessenter gis anledning til å uttale seg.

- I verneforslagene Brånås, Storskog, Kringsås, Heggeneset, **Eidsborgkleivane-Gjuvstøyllia** og Humleneset (utv.) er det nettanlegg som krysser områdene.
- NVE ber om at alle berørte parter blir inkludert i adresselisten. Dette gjelder områdekonsesjonærer, netteiere, magasinregulanter, kraftselskapseiere, grunneiere m.m. Dette er for at de skal få muligheten til å uttale seg om hvorvidt vern påvirker eksisterende eller fremtidige planer.

#### Nettanlegg

Vi gjør oppmerksom på at nettselskapene Telemark Nett AS, Lede AS, DE Nett AS, Føre AS, Everket AS og Stannum AS har områdekonsesjon i de foreslåtte verneområdene. NVE har ikke detaljert kjennskap til planer knyttet til distribusjonsnett. Det er viktig at områdekonsesjonærer og netteiere vurderer om verneforslaget kommer i konflikt med deres eksisterende og fremtidige planer. Vi ber nettselskapene å uttale seg selv i tilfeller uten konflikt.

#### Reguleringsmagasin

Så langt NVE kjenner til er det reguleringsmagasin som ligger nært eller grenser til områdene Brokefjell, (utv.) Brakandalen, Storskog, Mørkvassjuvet, (utv.) ned mot Flåvatn, **Eidsborgkleivane-Gjuvstøyllia**, Heggeneset, Jønjljo NR, (utv.) og Tjuvberget.

NVE ber statsforvalter ta kontakt med regulant/tiltakshaver av magasinene og eiere av kraftverk slik at de får mulighet til å uttale som om hvorvidt de foreslåtte verneområdene

kommer i konflikt med drift av reguleringsmagasin, konsesjonsbestemmelser, om erstatninger gitt tidligere til grunneiere og vurderer hvorvidt det er aktuelt med heving av høyeste regulerte vannstand (HRV) i fremtiden. Vi ber selskapene og regulanter å uttale seg selv i tilfeller uten konflikt. NVE gjør oppmerksom på at vern ned til høyeste regulerte vannstand (HRV) vil begrense muligheter for økning av HRV i framtiden. Hvorvidt dette er aktuelt, bør regulantene/tiltakshaver uttale seg om. Se nærmere under **Øvrige kommentarer til områdene** for informasjon om regulanter/tiltakshavere og selskaper.

Når verneområdet grenser med reguleringsmagasin kan det skje at regulanten er pålagt eller har behov for å rydde i kantsonen over HRV, neddemt område og elven nedstrøms. NVE vurderer det som nødvendig at konsesjonsbestemmelser blir ivaretatt.

I forbindelse med flere tidligere verneforslag som grenser til HRV, for eksempel Sandvik naturreservat i Fyresdal kommune, har NVE opplevd at grunneierne ble kompensert opptil en meter over HRV for erosjon, nødvendig hogst og rydding i forbindelse med reguleringen og varierende flomvannstander. Vi oppfordrer statsforvalteren til å be skogeieren(e) opplyse om det er noen privatrettslige forhold i de foreslåtte verneområdene, som vil kunne få betydning for vernet før verneområdene blir sendt på høring. Det inkluderer opplysninger som skogeieren(e) allerede har fått eller får utbetalt erstatninger i de foreslåtte verneområdene i henhold til skjønnsavgjørelser eller avtaler.

#### Kraftverk

Når det kommer til kraftverksinteresser ber vi statsforvalter sende verneforslaget til eierne av kraftverkene (nevnt nedenfor) for å unngå at verneforslaget kommer i konflikt med drift, vedlikehold eller oppgradering av kraftverkene. NVE ber kraftverkseierne å uttale seg om hvorvidt vern vil være i konflikt med drift og vedlikehold av kraftverket. Deres hensyn med tanke på drift og vedlikehold, konsesjonsbestemmelser må bli ivaretatt.

#### Øvrige kommentarer til områdene

15. **Eidsborgkleivane-Gjuvstøyllia**. Statnett SF eier nettanlegg som krysser området. Grenser til HRV til reguleringsmagasinet Bandak. Telemark Nett AS har områdekonsesjon og eier distribusjonsnett som ligger nært det foreslåtte verneområdet”.

**Landbruksdirektoratet** (brev dagsett 24.07.2023) ber om at det av høringsdokumenta må kome fram korleis områda vert bruka i landbrukssamanheng, og at omsynet til dette må bli ivaretatt i verneforskriftene. Dei peikar spesielt på gjennomgåande vegar, stølar, beitebruk og reindrift. Statleg og kommunal landbruksforvaltning bør bli involvert i verneprosessen, uttalar direktoratet.

## STATSFORVALTARENS KOMMENTARER TIL DEI INNKOMNE MERKNADENE

Språkrådet rår til å nytte namnet *Juvstøyllie*. Etter oppstartsmeldinga har Miljødirektoratet bede Statsforvaltaren om å dele Juvstøyllie og Eidsborgkleivane i to separate verneforslag. Sidan Juvstøyllie er ein utviding av eksisterande Heddalane naturreservat, som vart oppretta i 2023, er det naturleg at dette namnet blir ført vidare.

Når det gjeld merknaden frå Forsvarsbygg, vil vi kommentera at det er teke omsyn til unnatak for militær operativ verksemd og omsynet til militær luftoperativ verksemd i § 6, første ledd og § 6, bokstav c.

Noregs vassdrags og energidirektorat (NVE) opplyser at det er reguleringsmagasin som ligger nært til, eller grenser til Bandak. Reguleringa har ein bestemd høgste regulerte vasstand (HRV). Eit vern kan kome i konflikt med HRV. Det kan òg vera motstridane omsyn mellom vern og behov for skjøtsel av den nedste sona mot vatnet, påpeikar NVE. NVE har sendt uttalen sin i kopi til eigar av kraftverket og tiltakshavar. Statsforvaltaren oppfattar at dette bør vera tilstrekkeleg i forkant av ein høyringsprosess. I sjølve høyringsprosessen får dei aktuelle instansar ein ny moglegheit til å uttala seg til verneplanen. Vår utsjekk viser at Bandak vert regulert gjennom kraftstasjonen på Hogga som ligg ovanfor Lunde. Stasjonen blir drifta av Statkraft, og ligg mellom Flårvatn og Norsjø. Sandak skal ikkje bli reservat, og det er naturleg å sjå på ei avgrensing der høgste regulerte vasstand leggast til grunn. Hundreårsflaum er berekna til 75,18 m.o.h. og normalflaum er 73,28 m.o.h., ref. *Flomberegning for Tokkeåi ved Dalen, NVE 16/2000; Lars-Evan Pettersson*. Statsforvaltaren inkluderer Statkraft SF Region Øst-Norge på høyringslista.

Når det gjeld uttala frå Landbruksdirektoratet, vil vi kommentere at området som vert foreslått verna ikkje har støl/seterbusetnad. Området er svært bratt, og har ikkje lenger aktiv landbruksdrift. Dersom det skulle vera aktuelt med beitedyr her er det teke høgde for det og dei andre innspela i verneforskrifta, jf. § 4 bokstav g, § 6 bokstav a, § 7 bokstav d.

Andre utsegn blir tekne til etterretning.

### Vidare sakshandsaming

Verneforslaget med områdeskildringar, kart over verneområdet og forslag til verneforskrift blir sendt på ein felles sentral og lokal høyring. Målet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli ramma av den planlagde fredinga.

Etter høyring vil Statsforvaltaren oppsummera høyringa, kommentera eventuelle utsegner og utarbeida ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil deretter laga innstilling til Klima- og miljødepartementet (KLD) og vedtak om freding blir gjort ved kgl. res. av Kongen i statsråd.

### 5. Verneplanens omfang

Namn	Kommune	Tal på grunneigarar	Totalareal	Verneverdi
Utvid av Heddedalane naturreservat	Tokke	4	808 daa utviding + 2816 daa eksisterande NR= 8803 daa	Nasjonal (***)

### 6. Faktaark

LOKALITET:	<b>Heddedalane naturreservat, utviding</b>
KOMMUNE:	<b>Tokke</b>
FYLKE:	<b>Telemark</b>
VERNEKATEGORI:	<b>Naturreservat</b>
AREAL:	<b>808 daa</b>
HØGDE OVER HAVET:	<b>M.o.h. 72- 432 (825 i eksisterande reservat)</b>
EIGEDOMMAR:	<b>Gnr./bnr. i utvidinga: 22/1, 22/4, 23/1 og 23/44. I eksisterande: 13/3, 13/4, 19/3, 19/4, 19/19, 19/27, 19/29, 22/3.</b>

Faktaarka for tilbudsområdet er skrivne på bokmål frå kartleggarane si side, og vi har ikkje endra dette til nynorsk. All tekst i dette kapitlet, utanom det vi har lagt til, er difor på bokmål.

### OMRÅDESKILDRING

Området ligger langs nordsida av Bandak. Saman med eksisterande reservat *Heddedalane* kan nytt verneområdet bli 3610 daa og strekke seg over 7 km av lisida mellom Lårdal og Dalen i Tokke kommune. Området ligger i overgangsseksjonen kalt OC, og i sørboreal vegetasjonssone.

Terrenget utgjøres av tildels svært bratte sørvendte rasmarskpartier og stup. Imidlertid finnes enkelte daler med mindre bekker, men også slakere partier og “plataer”. Berggrunnen består i hovudsak av kvartsitt og kvartsskifer (NGU 2019). Løsmassedekket er overveiende tynt til manglende (NGU 2019). Partier med skredmateriale, både blokkmarker og finere skredjord, er vanlig.

### VEGETASJON, SKOGSTRUKTUR OG PÅVERKNAD

Vegetasjonen i avgrenset verneforslag er dominert av rike typer. Rik lågurtmark med stor treslagsvariasjon dominerer. Typisk er toppsjikt av gran, furu og osp, med undersjikt av annet borealt løv med stedvis innslag av lind, hassel, alm og spisslønn. Friske areal har også alm, gråor og ask. I feltsjiktet finnes krevende arter som blåveis, myske, sanikel, vårerteknapp, svarterteknapp, knollerteknapp, skogsvinerot, trollbær, skogsvingel, liljekonvall, lundgrønnaks, taggbregne, lundgrønnaks, hengeaks, jordbær, fingerstarr, kranskonvall, skogsalat, lakrismelt, vårmarihånd, ormetelg, rødflangre (spredt) og breiflangre. I busksjiktet bl.a. einer, nyperoser, trollhegg og tysbast. I rasmarker og små skrenter nederst i lisidene finnes også renere edelløvskog gjerne dominert av lind, noe eik, hassel og lønn.

Små rike og grunnlendte skrenter med lindedominans grenser mot partier som tenderer mot kalklindskog. Mer barskogsdominerte areal forekommer øverst i lisidene i form av lågurtgranskog med stort innslag av osp og bjørk, eller som fattigere røssllyngfuruskog på knauser og berghyller. Sistnevnte dekker ikke ubetydelige arealer og veksler raskt med rikere lågurtmark. Langs bergknauser og grunne hyller i åpen skog inngår også små areal med urterik tørrbergvegetasjon med arter som skogkløver, prikkperikum, gjeldkarve, kransmynte, bergmynte, hvitmaure, kantkonvall og prestekrage. Søstermarihånd er også tidlige kjent fra området gjennom flere funn.

Tilbudsområdet utgjør et svært rikt og til dels velutviklet gammelskogsareal med stor andel rike vegetasjonstyper og varmekjær og kalkkrevende vegetasjon. Det inkluderer partier med varmekjær edelløvskog, rik sørboreal blandingskog og innslag av kalkskog. Gammel skog



dominerer i området, og det er til dels store mengder viktige gammelskogselementer som død ved av ulike treslag, grove løvtrær og hultrær (både av edelløv og borealt løv).

## VERNEINTERESSAR

### Naturtypar

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» naturtypar omtalt. Det er naturtypar som er gitt status etter kor stor risiko det er for av dei går tapt. Status er henta frå Norsk Raudliste for naturtypar 2018 frå Artsdatabanken. EN=sterkt trua, VU = sårbar, NT=nær trua der «sterkt trua» er meir sjeldan enn «nær trua».

Området er kartlagt for naturtyper etter metodikk DN håndbok 13 i forbindelse med regionale kartlegginger av edelløvsog i 2009-2010 og kalkskog i 2018. Totalt 2 kjerneområder er avgrenset innenfor tilbudssområdet. Begge disse er gitt verdi som svært viktig (A).

Den rødlistede naturtypen frisk rik edelløvsog (NT) dekker betydelig areal i undersøkelsesområdet, i tillegg til at kalk- og lågurtfuruskog finnes mer spredt i mosaikk med andre vegetasjonstyper. Spesielt høgstaudegranskog (NT) forekommer på mindre arealer i mosaikk med andre vegetasjonstyper. De store ubrutte lisidene med gammelskog/rik skog som finnes langs Bandak og Kviteseidvannet har unike naturkvaliteter i norsk sammenheng.

### Artsmangfold

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» artar omtala. Det er artar som er sjeldne og som er gitt ulik status etter kor stor fare det er for utrydding. Status er henta frå Norsk Raudliste 2021, frå Artsdatabanken. EN = sterkt trua, VU = sårbar, og NT = nær trua, der «sårbar» er meir sjeldan enn «nær trua».

Det er påvist en rekke rødlistearter og det er stort potensial for flere. Området må særlig sies å ha en viktig funksjon for en rekke sjeldne insekterarter, vedlevende sopp og regionalt sjeldne karplanter. Baserike og soleksponerte lisidene ned mot Bandak gir gode betingelser for arter innen ulike organismegrupper.

Det er gjort en rekke funn av 41 rødlistearter og andre interessante artsforekomster innenfor undersøkelsesområdet. Flere av disse artene ser ut til å ha sterke populasjoner i de bratte varme lisidene ned mot Bandak. I tillegg til rik og varmekjær karplanteflora, med mange krevende arter, er området interessant med tanke på insekter. En rekke rødlistede insekterarter er registrert.

Av karplanter kan særlig nevnes søstermarihand (VU), stavklokke og stjernetistel (begge NT). Disse artene ser ut til å trives godt i disse varme lisidene. Dagsommerfuglen apollosommerfugl (NT) ser ut til å ha sterke populasjoner i området. Vertsplanten til denne arten er smørbukk, mens de voksne sommerfuglene søker til ulike blomster for nektar. Både smørbukk og riktige nektarplanter finnes i området. Også flere andre interessante insekterarter er funnet, bl.a. humlefluen kontrasthumleflue (*Villa panisca*) (EN), junivepseblomstflue (EN), sangsikade, klokkesolbie, stor blodsmeller og kløverblåvinge (alle NT). Mørk papirveps (*Polistes biglumis*) (EN) forekommer også i disse varme lisidene, og den svært varmekrevende bladbillen *Psylliodes brisouti* (CR) er kun kjent herfra i tillegg til en lokalitet i Gudbrandsdalen. Mørk papirveps er en svært krevende og sjelden art i Norge, og den er kun kjent fra noen få lokaliteter, og de bratte varme lisidene ned mot Bandak ser ut til å utgjøre et viktig kjerneområde for denne arten i Norge. Kontrasthumleflue er i dag kun kjent fra lisidene ved Dalen og gjennom noen få funn fra indre Oslofjord.

På død ved av gran forekommer vedsoppen rosenkjuke (NT) hyppig, men også svartsonekjuke og rynkeskinn (begge NT) er registrert. På død ospeved er det særlig ospevitkjuke (NT) og eggegul kjuke (VU) som kan trekkes frem. Råtetvebladmose (VU) ble funnet i 2015. I tillegg er det påvist enkelte signalarter som granrustkjuke og lungenever. I de lindedominerte edelløvskogsliene, spesielt der det er finkornete sedimenter, er det i tillegg til rik karplantefora potensial for sjeldne arter av mykorrhiza-sopp. De frodige løvskogspartiene har sannsynligvis en viktig funksjon som leveområde for flere spurvefugl og hakkespetter. I tillegg kan de til dels stupbratte og lite tilgjengelige sidene ned mot Bandak ha funksjon som hekkeområde for enkelte rovfugler. Fiskeørn (NT) hekker her og ble observert i 2018.

Området som helhet vurderes å ha et spesielt stort mangfold av krevende, sjeldne og rødlistede arter innen flere grupper. På bakgrunn av dette vurderes området som nasjonalt viktig (\*\*\*) i vernesammenheng.

Området har store areal med mangelnaturtyper som rik/gammel blandingskog i lavlandet, kalkskog og alm-lindeskog. Dette gir høy skår for mangelnaturtyper. Området dekker i tillegg alle kriterier for generelle mangler (lavlandsskog, høybonitetsskog og gammel skog) i tillegg til at det er et storområde. Området får dermed samlet høy mangeloppfyllelse.



*Parti frå området.*

*Foto: Ole J. Lønnve*

## FØREMÅL

Formålet med forskrifta er å ta vare på ei bestemt type natur i form av frisk rik edellauvskog, høgstaudegranskog, kalkskog og gammal blandingskog i låglandet. Området har særskild betydning for biologisk mangfald på grunn av mykje død ved og førekomst av sjeldne og trua artar av karplanter, moser, sopp og insekt.

## ANDRE INTERESSER

Ingen merknader.

## TEKNISKE INNGREP

Ut frå det som kjem fram av kart, er det ikkje tekniske inngrep i området.

## PLANSTATUS

Verneforslaget ligg innanfor område avsett til LNF (natur- og friluftsområdet i landbruks-). Det er avsett ei sone med byggeforbod langs Bandak.

## MERKNADER

Ingen merknader.

## SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR

Navn	Total-areal	Produktivt areal i daa				Annet areal i daa			Tilvekst	Volum
	daa	H	M	L	Sum	Myr	Vann	Annet	m <sup>3</sup> /daa	m <sup>3</sup>
Heddedalane naturreservat	808	0	204	202	406	0	0	388		

Skogdata gjeld for utvidingsareal og er levert av NORSKOG.

## LITTERATUR

**Lønnve O. J., Olberg S., Thylen A. 2019.** *Naturverdier for lokalitet Juvstøyl, registrert i forbindelse med prosjekt Kalkskog 2018.* NaRIN faktaark. BioFokus .

**Reiso , S. og Olsen K.M. 2010.** *Naturtypekartlegging i Tokke kommune 2009.* BioFokus-rapport 2010-21

**Naturbase:** <https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/naturbase>

**Artskart:** <https://artskart.artsdatabanken.no/>

## 7. Forslag til verneforskrift

### Kommentarar til forskrifta

#### Bruk av naturreservatet til idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

Definisjon på større arrangement har tidlegare vore om lag 30 deltakarar. I samsvar med den nye malen for forskrifter frå Miljødirektoratet er det ikkje gitt nokon eksakt definisjon på kva som blir rekna som større arrangement. Både type arrangement og tal deltakarar kan ha betydning. Som utgangspunkt vil idrettsarrangement og konsertar – eller liknande - bli omfatta. Føresegna er ikkje meint å regulere ordinær turverksemd i grupper, og felles turar og felles treningar med vidare blir dermed ikkje omfatta av forbodet. Utsetting av turposter og liknande blir heller ikkje rekna som arrangement, men kan rammes av forbodet mot midlertidige innretningar. Forskriftsmalen har i § 7 ein særskilt føresegn om dispensasjon som opnar for å gi løyve til aktivitetar nemnd i denne. Ut frå verneformålet for det enkelte området kan det vurderast konkrete unntak eller tilpassingar til disse føresegnene, for eksempel særskilt unntak for turorienterings- eller kjentmannspostar. Er det fleire deltakarar må det søkjast om dispensasjon, og da kan forvaltningsstyremakta vurdere dette i samsvar med til § 7.

#### Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar

Vedlikehald som rydding av kvist og fjerning av greiner og nedfall i stiar og vegar kan gjerast utan søknad. Vindfall som måtte bli liggjande over stiar kan kappes og leggst til side, normalt vil dette kunne gjerast av grunneigar eller oppsyn. Det kan etter søknad gjevast dispensasjon etter § 7 til rydding og vedlikehald av nye stiar, løyper og gamle ferdselsvegar. Dette er ein standard regel vi har med i alle verneforskrifter, og som kan nyttast dersom det viser seg å vera stiar ein *ikkje har kjent til* ved vernet.

#### Motorferdsel.

Motorferdsel er forbode etter § 5 bokstav a. Det er nokre generelle unntak i § 6 og det kan gjevast dispensasjon etter søknad etter reglane i § 7. I tillegg gjeld lov om motorferdsel i utmark, det vil seia at kommunen og grunneigar må gje løyve til motorferdsel på vanleg måte.

#### Bruk av sykkel, hest og riding.

Friluftsløven opnar for sykling, riding og anna bruk av hest på veier og stiar i utmarka. I høyringsforslaget vil vi følgje friluftsløvens føresegn. Jf. føresegn i § 5 bokstav b.

#### Brenning av bål.

Det er vanleg at det er opna for brenning av bål i store reservat (grense på om lag 700-1000 daa). Ein må då nytte tørrkvist eller ved ein har med seg, ein kan ikkje felle eller hogge opp daude tre.





**Vedlegg 1:** Forslag til endringsforskrift for Heddedalane naturreservat, andre utviding**Forslag til endringsforskrift om vern av Heddedalane naturreservat, Tokke kommune, Telemark fylke**

I forskrift 20. desember 2023 nr. 2357 om vern av Heddedalane naturreservat, Tokke kommune føreslås følgjande endringar:

**Overskrift skal lyde:**

Forskrift om vern av Heddedalane naturreservat, Tokke kommune, Telemark fylke

**§ 1 skal lyde:**

Formålet med forskrifta er å ta vare på ei bestemt type natur i form av frisk rik edellauvskog, høgstaudegranskog, kalkskog og gammal blandingskog i låglandet.

Området har særskild betydning for biologisk mangfald på grunn av mykje død ved og førekomst av sjeldne og trua artar av karplanter, moser, sopp og insekt.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

**§ 2 skal lyde:**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Tokke kommune: 13/3, 13/4, 19/3, 19/4, 19/19, 19/27, 19/29, 22/1, 22/3, 22/4, 23/1 og 23/44.

**§ 4 bokstav c skal lyde:**

Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.

**§ 7 bokstav a skal lyde:**

Tiltak i samband med forvaltning av vilt.

**§ 11 skal lyde:**

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan delegere styresmakta til kommunar som samtykker til det.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 3624 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet ... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Tokke kommune, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

**Vedlegg 2: Eksisterande forskrift for Heddedalane naturreservat****Forskrift om vern av Heddedalane naturreservat, Tokke kommune, Vestfold og Telemark**

Dato, FOR-2023-12-20-2357

Ikrafttredelse, 20.12.2023

Endrer, FOR-1993-07-09-706

Gjelder for, Tokke kommune, Telemark

Hjemmel, LOV-2009-06-19-100-§34, LOV-2009-06-19-100-§62, LOV-2009-06-19-100-§77

Kunngjort, 03.01.2024 kl. 10.30

Heimel: Fastsett ved kgl.res. 20. desember 2023 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, § 62 og § 77. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

**§ 1.Føremål**

Formålet med forskrifta er å ta vare på ein sjeldan skogtype, med ein mosaikk av rik edellauvskog og rik barskog. Området har særleg betydning for biologisk mangfald på grunn av uvanleg artsrik flora med mange kalkkrevjande artar.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

**§ 2.Geografisk avgrensing**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Tokke kommune: 13/3, 13/4, 19/3, 19/4, 19/19, 19/27, 19/29, 22/3.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 2816 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet desember 2023. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Tokke kommune, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

**§ 3.Vernereglar**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrning. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

#### **§ 4. Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. beiting
- c. jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk
- d. oppsetting av mellombelse mobile jakttårn for storviltjakt
- e. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- f. vedlikehald av bygningar og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet
- g. forsiktig rydding av småbuskar og kvist på postar i samband med jakt på storvilt
- h. utsetjing av saltstein
- i. brenning av bål med tørrkvist eller ved ein har med seg, i samsvar med gjeldande lovverk
- j. vedlikehald av stiar avmerkt på vernekartet, i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.

#### **§ 5. Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom eksisterande stiar.

#### **§ 6. Generelle unntak frå ferdselsreglane**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er fastsett av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje for øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøyet skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

#### **§ 7. Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til

- a. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- b. merking av eksisterande stiar og gamle ferdselsvegar
- c. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- d. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- e. oppsetting og vedlikehald av gjerder
- f. øvingskøyring for formål nemnt i § 6 første ledd
- g. uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- h. gjenoppføring av bygningar merka på vernekartet etter brann eller naturskade
- i. hogst av lauvved til hytte på gnr./bnr. 19/4, merka på vernekartet
- j. avgrensa bruk av reservatet i undervisningssamanheng
- k. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav f, h og j og § 7 bokstav a, c, e og h.

**§ 8. Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

**§ 9. Skjøtsel**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

**§ 10. Forvaltningsplan**

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

**§ 11. Forvaltningsstyresmakt**

Tokke kommune er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan fastsette annan forvaltningsstyresmakt.

**§ 12. Ikraftsetjing**

Denne forskrifta trer i kraft straks. Samtidig blir forskrift 9. juli 1993 nr. 706 om fredning av Heddedalane naturreservat, Tokke kommune, Telemark, oppheva.

